



DET KONGELEGE  
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

# Ot.prp. nr. 50

(2006–2007)

---

Om lov om offentlege styresmakters ansvar  
for kulturverksemd (kulturlova)



# Innhald

<b>1</b>	<b>Hovudinnhaldet i proposisjonen.....</b>	5	4.2	Problemstillingar .....	16
<b>2</b>	<b>Bakgrunn for lovframlegget.....</b>	6	4.3	Synspunkt i høyringsrunden .....	16
2.1	Innleiing .....	6	4.4	Vidare oppfølging .....	17
2.2	Kulturpolitisk bakgrunn for framlegget til kulturlov .....	6	<b>5</b>	<b>Framlegg til kulturlov .....</b>	17
2.3	Eksisterande offentlege verkemiddel i kulturpolitikken .....	7	5.1	Føremål med lova .....	17
2.4	Eksisterande lover, forskrifter og internasjonale konvensjonar som vedkjem kulturfeltet .....	9	5.2	Generelle merknader frå høyringsrunden .....	18
2.5	Internasjonale utfordringar .....	11	5.3	Om høyringsfråsegnene til dei enkelte paragrafane .....	20
2.6	Utfordringar i regional og lokal kultursektor .....	12	<b>6</b>	<b>Økonomiske og administrative konsekvensar .....</b>	22
2.7	Oversyn over instansane som fekk lovutkast og høyringsnotat til høyring .....	13	<b>7</b>	<b>Merknader til føresegnene i lovframlegget.....</b>	22
<b>3</b>	<b>Lovgjeving i Danmark, Sverige og Finland.....</b>	14		<b>Forslag till lov om offentlege styresmaktens ansvar for kulturverksemd (kulturlova).....</b>	26
<b>4</b>	<b>Grunnlovsfesting av kulturomsyn – ei førebels vurdering.....</b>	15			
4.1	Innleiing .....	15			





DET KONGELEGE  
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

# Ot.prp. nr. 50

(2006–2007)

## Om lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova)

*Tilråding frå Kultur- og kyrkjedepartementet av 13. april 2007,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### **1 Hovudinnhaldet i proposisjonen**

I Soria Moria-erklæringa heiter det at regjeringa vil innføra ei enkel, generell lov som skal gje uttrykk for det ansvaret offentlege styresmakter har på kulturfeltet.

Framlegget om å innføra ei kulturlov går inn som eitt av fleire tiltak som regjeringa har formulert i Kulturløftet. Målet er å styrkja kulturverksemd som samfunns- og politikkområde. Det eksisterer i dag ei rekkje lover som regulerer ulike delar av kulturområdet. Til skilnad frå desse er dette lovframlegget meint å vera ei generell lov, som understrekar det ansvaret offentlege styresmakter har for kulturverksemd.

Føremålet med ei slik generell kulturlov er å gje kultursektoren større tyngd og klårare status som offentlig ansvarsområde. Lova skal framheva det ansvaret offentlege styresmakter har for å leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleva eit mangfald av kulturuttrykk.

Det er lagt til grunn at lova skal vera enkel utan detaljerte føringar for løyvningsnivå, prioriteringar eller organisering av kulturområdet i staten, fylkeskommunar og kommunar.

Lovframlegget tek omsyn til at utforming og gjennomføring av kulturpolitikken ikkje berre handlar om tilhøvet mellom stat, fylkeskommune, kommune og kulturlivet. Med aukande grad av

globalisering vert utforming og gjennomføring av kulturpolitikken utfordra av internasjonalt avtaleverk som EØS og WTO. Lovframlegget kan også sjåast på som ei oppfølging av UNESCO-konvensjonen frå 2005 om å verna og fremja eit mangfald av kulturuttrykk. Eitt av hovudmåla med konvensjonen er å sikra den retten enkeltland har til å utforma og gjennomføra ein aktiv kultur- og mediepolitikk for å verna og fremja eit mangfald av kulturuttrykk.

Då den omfattande høyringsrunden for lovutkast og høyringsnotat var avslutta 1. februar 2007, hadde over 160 instansar kome med synspunkt på kulturlova. Det er så godt som samstemt tilslutnad til dei prinsippa som ligg til grunn for lovteksten. Fylkeskommunar og kommunar er nøgde med at lova er enkel og generell, og at ho gjev handlingsrom og fleksibilitet for å utforma og gjennomføra ein kulturpolitikk som er tufta på regionale og lokale føresetnader.

Mange institusjonar og organisasjonar meiner at lova ikkje går langt nok når det gjeld å gje konkrete føringar og pålegg om å følgja opp intensjonen i lova med økonomiske og andre ressursar. Her viser departementet til at føremålet med lova er å slå fast det ansvaret offentlege styresmakter har for kulturverksemd. Løyvningsnivå og organisatoriske løysingar skal derimot vera gjenstand for politiske vurderingar og prioriteringar.

Paragraf 1 i lova inneheld føremålet, som er å stadfesta det ansvaret offentlege styresmakter har for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd. Paragraf 2 inneheld definisjonar av kva som kjem inn under omgrepet «kulturverksemd». Paragrafane 3 og 4 konkretiserer at staten og høvesvis fylkeskommunar og kommunar skal syta for økonomiske, organisatoriske, informerende og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for variert kulturverksemd. I paragraf 5 vert det lista opp felles oppgåver for stat, fylkeskommunar og kommunar, og paragraf 6 slår fast at Kongen bestemmer når kulturlova skal ta til å gjelda. Jf. elles kapitla 5 og 7.

Ettersom det er tale om ei enkel lov utan detaljerte føringar for løyvingnivå eller organisering, vil kulturlova ikkje ha direkte økonomiske eller administrative konsekvensar. Føremålet er likevel at kultursektoren skal styrkjast.

I diskusjonane om ei generell kulturlov har òg spørsmålet om grunnlovsfesting av kulturomsyn kome opp. Spørsmålet er særleg relevant i høve til dei internasjonale utfordringane som er drøfta i pkt. 2.5. I denne omgangen gjev departementet berre ei generell vurdering av spørsmålet, m.a. tufta på dei synspunkta som har kome til uttrykk i høyringsrunden. Oppfølging av spørsmålet om eventuell grunnlovsfesting skal gjerast seinare. Jf. kapittel 4.

## 2 Bakgrunn for lovframlegget

### 2.1 Innleiing

Regjeringa har ein visjon om at Noreg skal vera ein leiande kulturnasjon som legg vekt på kulturdimensjonen i alle delar av samfunnslivet. Kunst og andre kulturuttrykk har stor verdi i seg sjølve. Ei målretta satsing på kultur har samstundes stor innverknad på andre samfunnsområde som næringsutvikling og arbeidsplassar, integrering og inkludering, helse, læring og kreativitet. Regjeringa vil med Kulturløftet styrkja kulturfeltet med tanke på å heva den statusen kulturverksemd har som samfunns- og politikkområde. Målet er at 1 pst. av statsbudsjettet skal gå til kulturføremål innan 2014.

Framlegget om å innføra ei kulturlov går inn som eitt av fleire tiltak i Kulturløftet for å styrkja kulturverksemd som samfunns- og politikkområde. Det eksisterer i dag ei rekkje lover som regulerer ulike delar av kulturområdet. Til skilnad frå desse er dette lovframlegget meint å vera

ei generell lov, som understrekar ansvaret offentlege styresmakter har for kulturverksemd.

Føremålet med ei slik generell kulturlov er å gje kultursektoren større tyngd og klårare status som offentlig ansvarsområde. Lova skal framheva det ansvaret offentlege styresmakter har for å leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleva eit mangfald av kulturuttrykk.

Det er lagt til grunn at lova skal vera enkel utan detaljerte føringar for løyvingnivå, prioriteringar eller organisering av kulturområdet i staten, fylkeskommunar og kommunar.

Når den varsla regionreforma er endeleg fastlagd, jf. St.meld. nr. 12 (2006-2007), kan det verta nødvendig å revurdera delar av lovgjevinga som vedkjem kulturfeltet.

Somme føresegner i Grunnlova er særskilt relevante for delar av kulturområdet. Det gjeld først og fremst § 100 om ytringsfridom og § 110 a som pålegg «Statens Myndigheder» å leggja tilhøva til rette for at den samiske folkegruppa kan verna og utvikla både språket, kulturen og samfunnet.

Det såkalla infrastrukturkravet er grunnlovsfesta i § 100 sjettede leden: «Det paaligger Statens Myndigheter at lægge Forholdene til rette for en aaben og oplyst offentlig Samtale». I Noreg er det lange tradisjonar for at det offentlege tek ansvar for å leggja til rette for ei open, offentlig samtale og ein fri tilgang til informasjon. Saman med utdannings-, forskings- og mediepolitikken kan delar av kulturpolitikken medverka til å oppfylla infrastrukturkravet, jf. St.meld. nr. 26 (2003-2004) Om endring av Grunnloven § 100. Til liks med fleire av dei eksisterande lovene på kulturfeltet kan ei generell kulturlov indirekte ha innverknad på regulering av og vern om ytringsfridomen.

Det finst fleire internasjonale konvensjonar som vedkjem kulturfeltet. FN-konvensjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar (1966) gjeld som norsk rett. Artikkel 15 stadfester at alle har rett til å delta i kulturlivet. Ei generell kulturlov som slår fast det ansvaret offentlege styresmakter har for kulturverksemd, kan dermed gje einskildindivid reelle høve til å delta i kulturverksemd.

### 2.2 Kulturpolitisk bakgrunn for framlegget til kulturlov

Spørsmålet om ei generell kulturlov vart sist drøfta i St.meld. nr. 48 (2002-2003) Kulturpolitikk fram mot 2014, lagd fram av regjeringa Bondevik

II, og den tilhøyrande Innst. S. nr. 155 (2003-2004). Konklusjonen i den meldinga er at ei kulturlov i seg sjølv ikkje vil skapa betre utgangspunkt for kultursektoren utan kopling til økonomiske rammevilkår.

Dei noverande regjeringspartia hadde følgjande mindretalsmerknader til drøftinga i meldinga):

«Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet vil peike på at det i meldinga stort sett berre blir trekt fram negative sider ved ei kulturlov. Desse medlemene meiner at ei enkel, generell kulturlov kan vere eit godt tiltak for å synleggjere kulturen si viktige rolle i samfunnet og gje kulturfeltet politisk tyngd og status» (Innst. S. nr. 155 (2003-2004) s. 86).

I mindretalsmerknaden vert synspunktet konkretisert på denne måten:

«Desse medlemene viser til at svært mange område i samfunnet er regulerte av lover som forpliktar til satsing. Kulturområdet har inga slik lov, og mange innafor kulturfeltet har etterlyst dette. Desse medlemene ser positivt på innføringa av ei generell kulturlov, og meiner fordelane med ei slik lov ikkje er komne godt nok fram i meldinga. Desse medlemene meiner Regjeringa bør greie nærare ut om korleis ei slik lov kan bli forma. Desse medlemene meiner formålet med ei lov ikkje er å regulere kulturfeltet i detalj, men å gi eit klart uttrykk for det ansvaret det offentlege har for å leggje til rette for at folket kan få tilgang til kulturopplevingar. Formålet skal vere å sikre eit mangfald av kulturaktivitetar over heile landet og å sikre alle tilgang til eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod. Ei slik lov vil vere tenleg når det gjeld å synleggjere den viktige rolla kulturen har i samfunnet og vil gje det kulturpolitiske feltet tyngd og status.

Desse medlemene gjer følgjande framlegg: 'Stortinget ber Regjeringa greie ut om innføring av ei kulturlov.' » (Ibid. s. 35).

I Soria Moria-erklæringa heiter det følgjande om kulturlov: «Regjeringa vil innføre en enkel, generell kulturlov som gir uttrykk for det offentlige ansvar på kulturfeltet». Departementet har laga eit lovframlegg som reflekterer dei intensjonane som her er refererte.

Dei politiske premissane for å utforma ei generell kulturlov kan oppsummerast i følgjande punkt:

- Lova skal uttrykkja det ansvaret offentlege styresmakter har for kulturverksemd.
- Lova skal vera enkel og generell.
- Lova skal gjera synleg og streka under den viktige rolla kulturen har i samfunnet og gje kulturfeltet tyngd og status, utan å regulera det i detalj.
- Føremålet skal vera å sikra eit mangfald av kulturaktivitetar over heile landet og å sikra at alle har tilgang til eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod.

### 2.3 Eksisterande offentlege verkemiddel i kulturpolitikken

Som allereie nemnt, er det offentlege ansvaret for kulturpolitikk indirekte forankra i føresegna om ytringsfridom i Grunnlova § 100 sjette leden. Her heiter det: «Det paaligger Statens Myndigheder at lægge Forholdene til Rette for en aaben og oplyst offentlig Samtale.»

Dette såkalla infrastrukturkravet viser til dei pliktene det offentlege har, gjennom ulike former for institusjonar, for å leggja til rette for ytringsfridom. Delar av kulturpolitikken kan sjåast på som ein lekk i å oppfylla infrastrukturkravet. Om dette står det følgjande i NOU 1999:27 «Ytringsfrihed bør finde Sted» Forslag til ny Grunnlov § 100:

«Ser vi på de tre hovedargumenter for ytringsfrihet, sannhetsargumentet, autonomiargumentet og demokratiargumentet, ser vi raskt at for å støtte opp under ytringsfriheten kreves det en omfattende institusjonell oppbygging. Den almindennende skole er som sagt den viktigste offentlige institusjon i utviklingen av det offentlige rom og det myndige menneske. Videre kommer de institusjonelle forutsetninger for vitenskapen og kunsten, mangfold i media osv., det vil si offentlige kulturinstitusjoner som universiteter, biblioteker, museer, kringkasting o.l. foruten hele rekken av private institusjoner regulert og støttet av det offentlige, som medier, forlag, teatre, kinoer eller andre offentlige møteplasser. Det er det offentliges forpliktelser i forhold til hele denne institusjonaliseringen av det offentlige rom som det refereres til som infrastrukturkravet.» (NOU 1999:27)

Kulturpolitikken er forankra i grunnleggjande prinsipp om ytringsfridom og medverkar samstundes til å fremja frie ytringar.

Dette inneber for det første at kulturområdet har stort sjølvstende og høg grad av fridom i kultur- og kunstfaglege spørsmål. Dette følgjer av

prinsippet om armlengdeavstand, som sikrar kulturlivet sjølvstende i høve til politiske styresmakter, utan at det rokkar ved det ansvaret offentlege styresmakter har for å leggja til rette for og fremja kulturverksemd.

For det andre er kulturpolitikken med på å leggja til rette for ei open, offentleg samtale og fri tilgang til informasjon. Kulturpolitiske tiltak og verkemiddel tek særleg sikte på å fremja mangfald og kvalitet i kulturfeltet og å sikra at kulturtilboda er lett tilgjengelege og gjev høve til brei deltaking. Slik medverkar kulturpolitikken til å sikra det mangfaldet som er nødvendig for meiningsbryting, kritikk og diskusjon. Dette er i sin tur grunnlaget for å kunna gjera seg opp sjølvstendige meiningar.

Sjølv om kulturpolitikken har ytringsfridom og fri tilgang til informasjon som premiss og støttar opp under og gjev innhald til ytringsfridomen, er ikkje målet med kulturpolitikken avgrensa til å sikra ei open og opplyst offentleg samtale. Hovudmåla for kulturpolitikk vil vera å gje einskildpersonar og grupper høve til å uttrykkja eller oppleve alle dei emosjonelle og intellektuelle kvalitetane og utfordringane som eit levande og variert kulturliv kan by på. Kulturpolitikken oppfyller difor samfunnsmessige kvalitetar som går vidare enn det å oppfylla infrastrukturkravet slik det er definert i § 100 i Grunnlova. Jf. òg pkt. 5.2.

Ansvaret for å utforma og gjennomføra kulturpolitikken er delt mellom stat, fylkeskommune og kommune.

*Staten* har eit overordna ansvar for å utforma og gjennomføra ein heilskapleg, nasjonal kulturpolitikk.

I St.meld. nr. 48 (2002-2003) Kulturpolitikk fram mot 2014 er det i kapittel 4 gjeve eit detaljert oversyn over juridiske, økonomiske, organisatoriske, informerende og kontrollerande verkemiddel på statleg nivå. Eit oppdatert og kort oversyn over relevante lover på kulturområdet er å finna i pkt. 2.4 i denne proposisjonen.

Ein viktig del av den statlege kulturpolitikken er å driva *statlege fagorgan* med forvaltnings-, rådgjevings-, samordnings- og utviklingsoppgåver innanfor eit nærare definert saksområde. Dei viktigaste er Norsk kulturråd, Norsk filmfond og ABM-utvikling. I tillegg høyrer Språkrådet, Bunad- og folkedraktrådet, Norsk lokalhistorisk institutt, Utsmykkingsfondet for offentlege bygg, Norsk filmutvikling, Fond for lyd og bilete og Utvalet for statens stipend og garantiinntekter til denne typen organ.

*Statlege kulturinstitusjonar innanfor arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet* har også landsdekkjande arbeidsoppgåver, slik som Nasjonalbiblioteket, Arkivverket og Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek.

*Statlege kunstformidlande institusjonar* er Rikskonsertane og Riksteatret, som begge har landsdekkjande funksjoner. Rikskonsertane har i samarbeid med fylkeskommunane ansvaret for skulekonsertordninga. I tillegg må nemnast NRK og Norsk filminstitutt.

*Tilskotsinstitusjonar* (opera, teater, orkester, festivalar og museum m.m.) som er organiserte som stiftingar eller aksjeselskap, utgjer den langt største gruppa av institusjonar som Kultur- og kyrkjedepartementet yter støtte til. Nokre institusjonar får heile det offentlege driftstilskotet frå staten åleine, medan hovudtyngda får tilskot dels frå staten, dels frå fylkeskommunen og dels frå ein eller fleire kommunar.

*Tilskot til enkeltpersonar* vert gjeve, direkte og indirekte, i form av prosjekt- og produksjonsmidlar, kunstnarstøtte og ulike vederlagsordningar, forvalta m.a. av Norsk kulturråd, Utvalet for statens stipend og garantiinntekter og Fond for lyd og bilete. Nemnast skal òg Fond for utøvande kunstnarar, som etter søknad fordeler prosjektstøtte, innspelingsstøtte og stipend til utøvande kunstnarar.

*Frivillige organisasjonar* får statstilskot først og fremst gjennom Frifond – tilskotsordning for lokalt frivillig arbeid blant born og unge. Pengane vert kanaliserte gjennom tre landsomfattande paraplyorganisasjonar.

I tillegg til midlane som vert fordelte over budsjettet til Kultur- og kyrkjedepartementet, vert det gjeve midlar over budsjetta til andre departement til føremål som er relevante i denne samanhengen. Kunnskapsdepartementet løyver midlar til universitetsmuseum og universitets- og høgskulebibliotek. Miljøverndepartementet har ansvaret for kulturminne og kulturmiljø. Utanriksdepartementet har midlar til Noregs-profilering og utviklingspolitikk.

Den innsatsen *fylkeskommunane* gjer på kulturområdet, dreiar seg om enkelte lovpålagde oppgåver, om medansvar for oppgåver som òg er forankra på statleg nivå, og om sjølvdefinerte oppgåver.

*Lovpålagde oppgåver* er først og fremst knytt til fylkesbibliotek og -arkiv og til planarbeid som òg omfattar kulturverksemd.

Oppgåver som òg er forankra på statleg nivå, omfattar driftstilskot til knutepunktinstitusjo-



nar og region- /landsdelsinstitusjonar, museum i det nasjonale museumsnettverket og ymse tiltak og tilskotsordningar.

Fylkeskommunen spelar òg ei viktig rolle som forvaltar av midlane til *Den kulturelle skulesekken*. Av spelemidlane til kulturføremål som vert fordelte av Kongen, skal om lag 40 pst. gå til Den kulturelle skulesekken over heile landet. I samsvar med stortingsbehandlinga av St.meld. nr. 38 (2002–2003) Den kulturelle skulesekken er det i 2007 avsett 80 pst. til regionale og lokale tiltak og 20 pst. til sentrale prosjekt. Fylkeskommunane har fått eit særskilt ansvar for regional samordning av Den kulturelle skulesekken.

I tillegg til dei midlane som er bundne opp til drift av knutepunktinstitusjonar og region-/landsdelsinstitusjonar og til lovpålagde oppgåver, disponerer fylkeskommunane frie midlar til egne prioriteringar. Kunst- og anna kulturformidling, særleg retta mot born og unge, er ein sentral del av kulturarbeidet i fleire fylkeskommunar. Somme fylkeskommunar har etablert egne musikktenester, og nokre har etablert ordningar med regionale scenekunstinstruktørar. Fleire fylkeskommunar har utarbeidd egne formidlingsstrategiar, delvis med statleg tilskot gjennom Den kulturelle skulesekken.

Mange fylkeskommunar yter òg tilskot til regionale delar av landsomfattande frivillige kulturorganisasjonar.

Dei fleste fylka samarbeider med grannefylke om ymse fellesprosjekt og tiltak. I tillegg er det ulike stader i landet døme på meir integrert kultursamarbeid på tvers av fylkesgrensene.

Det *kommunale forvaltningsnivået* har i dag eit omfattande engasjement på kulturområdet. Til liks med fylkeskommunane omfattar det medansvar for oppgåver som òg er forankra på statleg nivå, det gjeld enkelte lovpålagde oppgåver og sjølvdefinerte oppgåver.

Kommunar der det finst kulturinstitusjonar med delvis statleg driftsfinansiering, har i dei fleste høva medansvar for driftsfinansieringa av desse institusjonane. Det gjeld både knutepunktinstitusjonar og region- og landsdelsinstitusjonar og museum i det nasjonale museumsnettverket.

Kommunen spelar ei viktig rolle i forvaltninga av Den kulturelle skulesekken (jf. omtale ovanfor). Som skuleeigar har kommunen ansvar for å forankra Den kulturelle skulesekken på skulane. Det er stor variasjon i korleis ordninga er organisert i ulike fylke og kommunar.

I lov om folkebibliotek er det slått fast at alle kommunar skal ha eit folkebibliotek. Alle kommunar skal ha fagutdanna biblioteksjef, og det skal vera eit organisert samarbeid mellom folkebiblioteket og dei kommunale skulebiblioteka.

Opplæringslova pålegg alle kommunar, åleine eller i samarbeid med andre kommunar, å ha eit musikk- og kulturskuletilbod til born og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles.

Plan- og bygningslova pålegg kommunane planleggingsoppgåver med sikte på å samordna den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utviklinga i kommunane.

I tillegg til dei midlane som er bundne opp til drift av knutepunktinstitusjonar og region-/landsdelsinstitusjonar og museum – og dessutan til drift av folkebibliotek og musikk- og kulturskular, som er lovpålagde oppgåver – yter kommunane driftstilskot til ulike institusjonar og organisasjonar på kommunalt nivå. Kommunane gjev dessutan tilskot til drift, bygg og vedlikehald av kultur- og fritidsanlegg. Dei fleste kommunane har etablert ulike aktivitets- og prosjektstøtteordningar og stipendordningar, og somme deler ut ei eller anna form for kulturpris. Born og unge er ei viktig målgruppe for kulturarbeidet i dei aller fleste kommunane.

Kommunale oppgåver i det lokale kulturarbeidet kan omfatta både utviklingsarbeid, tilrettelegging, samordning og koordinering av tilskotsordningar og aktivitetar, dessutan rådgjevings- og informasjonsarbeid.

Ulike former for samarbeid med frivillige organisasjonar og andre private aktørar ser ut til å vera utbreidd i mange kommunar. Nokre kommunar har etablert interkommunalt samarbeid om kulturtiltak som bibliotek, musikk- og kulturskular, museum, arkiv, festivalar o.l.

## 2.4 Eksisterande lover, forskrifter og internasjonale konvensjonar som vedkjem kulturfeltet

Det finst i dag ei rekkje lover som vedkjem kulturfeltet. Innanfor det saksfeltet som St.meld. nr. 48 (2002-2003) Kulturpolitikk fram mot 2014 femner om, har Kultur- og kyrkjedepartementet heilt eller delvis forvaltningsansvar for i alt 17 lover. Kapittel 4.2 i St.meld. nr. 48 inneheld eit oversyn over lover og føresegner med direkte eller indirekte relevans for kulturområdet. Nedanfor følgjer ei oppdatert oppsummering.

*Lovfesta rettar for kunstnarane*

- Lov 4. november 1948 nr. 1 om avgift på omsetning av billedkunst
- Lov 14. desember 1956 nr. 4 om avgift på offentlig framføring av utøvende kunstneres prestasjoner m.v.
- Lov 9. april 1965 nr. 1 om avgift til Det norske komponistfond
- Lov 29. mai 1987 nr. 23 om bibliotekvederlag
- Lov 28. mai 1993 nr. 52 om vederlag for visning av billedkunst og kunsthåndverk m.v.

I tillegg kjem lov 12. mai 1961 nr. 2 om opphavsrett til åndsverk m.v., som er ei allmenn lov, men som har mange forskrifter som særskilt gjeld kunstnarar, og lov 14. mars 2003 nr. 15 om beskyttelse av design (designlova).

Dei ulike avgiftene og vederlagsordningane konstituerer ein del av dei økonomiske rammene for arbeidet til bestemte kunstnargrupper. Åndsverklova konstituerer både ein del av dei økonomiske rammene til opphavsrettshavarane og gjev dei ein viss kontroll med bruken av det dei har skapt.

*Lovgjeving som vedkjem kunstinstitusjonar*

- Lov 13. desember 1948 nr. 5 om Riksteatret regulerer Riksteatrets føremål og verksemd.

I tillegg har einskilde føresegner i skattelova og lov 19. juni 1969 nr. 66 om meirverdiavgift relevans for ein del kulturinstitusjonar og -organisasjonar.

*Lovgjeving om språkspørsmål*

- Lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentleg teneste
- Lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn
- Lov 12. juni 1987 nr. 56 om Sametinget og andre samiske rettsforhold. Kultur- og kyrkje-departementet har forvaltningsansvar for kap. 3 om samisk språk

*Lovverk innanfor abm-feltet*

- Lov 4. desember 1992 nr. 126 om arkiv
- Lov 9. juni 1989 nr. 32 om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument
- Lov 20. desember 1985 nr. 108 om folkebibliotek

Om museum finst det inga eiga lov, men føresegner i enkelte lover har konkret relevans for denne

sektoren. Lov om oreigning av fast eigedom § 2 nr. 4 gjev heimel til å eksproprierast fast grunn til museumsføremål. For mange museum spelar kulturminnelova ei viktig rolle. Særleg gjeld dette for dei fem arkeologiske landsdelsmusea og dei tre sjøfartsmusea i Oslo, Stavanger og Bergen, som alle i forskrift til kulturminnelova er tillagde særskilte forvaltningsfullmakter. Dessutan eig eller forvaltar mange museum bygningar, fartøy o.l. som er freda med heimel i kulturminnelova.

Kulturminneloven sorterer i dag under Miljøverndepartementet, men Kultur- og kyrkjedepartementet har ansvaret for § 23 om utførselsforbod for visse kategoriar kulturminne og §§ 23 a-23 f om tilbakelevering av kulturgjenstandar som fysisk finst i Noreg, men som er ulovleg fjerna frå ein stat som inngår i EØS-samarbeidet eller er medlem av Unidroit-konvensjonen av 24. juni 1995.

I tillegg har fleire føresegner i skattelova relevans for institusjonar innanfor abm-feltet.

*Lovgjeving om kulturskulane*

Lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa, § 13-6 om musikk- og kulturskuletilbod, fastset at alle kommunar åleine eller i samarbeid med andre kommunar skal ha eit musikk- og kulturskuletilbod til born og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles.

*Lovgjeving som vedkjem bokbransjen*

- Lov 5. mars 2004 nr. 12 om konkurranse mellom foretak og kontroll med foretakssammenslutninger (konkurranseloven).
- Lov 19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift.

*Lovgjeving om planlegging*

Lov 14. juni 1985 nr. 77 plan- og bygningslov inneheld fleire føresegner som er relevante for kulturområdet. Eit av siktemåla er at planlegging etter lova skal sikra estetiske omsyn (jf. § 2 og nærare utdyping når det gjeld bygningar i § 74).

I § 19-1 heiter det at fylkesplanlegginga skal samordna statens, fylkeskommunens og hovudtrekka i kommunens fysiske, økonomiske, sosiale og kulturelle verksemd i fylket.

I følgje § 20-1 skal kommunane stå for planlegging med sikte på å samordna den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utviklinga innanfor sine område.

### *Lovgjeving som vedkjem film, kino, kringkasting og medieeigarskap*

- Lov 15. mai 1987 nr. 21 om film- og videogram gjeld vising og omsetning av film og videogram i næring. Lova gjev heimel for den kommunale konsesjonsordninga.
- Lov 4. desember 1992 nr. 127 om kringkasting
- Lov 13. juni 1997 nr. 53 om eierskap i medier.

### *Relevante grunnlovsføresegner*

- § 100 om yrtingsfridomen
- § 110 a om samisk kultur.

### *Internasjonale konvensjonar som direkte gjeld kulturfeltet*

- FN-konvensjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar (1966)
- UNESCO-konvensjon om tiltak for å forby og forhindre ulovlig import og eksport av kultur-gjenstander og ulovlig overføring av eiendomsrett til kultur-gjenstander (1970)
- UNESCO-konvensjonen om vern av verdens natur- og kulturarv (1972)
- UNESCO-konvensjonen om vern av den immaterielle kulturarven (2003)
- UNESCO-konvensjonen om vern og fremme av et mangfold av kulturuttrykk (2005)
- Den europeiske menneskerettskonvensjonen (1950)
- Europarådets rammekonvensjon for beskyttelse av nasjonale minoriteter (1995)
- Europarådets pakt for regions- eller minoritets-språk (1992)
- Bernkonvensjonen om beskyttelse av litterære og kunstneriske verk (1886, sist revidert 1971)
- ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i selvstendige stater (1989).

## **2.5 Internasjonale utfordringar**

Debatten om kulturlov har først og fremst handla om tilhøvet mellom stat, fylkeskommune, kommune og kulturlivet. Med aukande globalisering vert utforming og gjennomføring av kulturpolitikk utfordra. Når det gjeld handlingsrommet for ein nasjonal kulturpolitikk, er det politiske målet uttrykt slik i Soria Moria-erklæringa:

«Det er avgjørende at handlefriheten i kulturpolitikken, og dermed muligheten til å bygge opp under vårt eget språk og kulturuttrykk, ikke begrenses av internasjonale handelsavtaler.»

Etter departementets vurdering bør ei generell kulturlov òg ta omsyn til denne internasjonale dimensjonen og medverka til å sikra handlingsrom for ein nasjonal kulturpolitikk.

Ei sentral side ved globaliseringa er at ulike vare- og tenestemarknader vert internasjonale. Dette gjev seg m.a. utslag i at mange tilhøve og rammevilkår vert regulerte gjennom traktatfetting. For Noregs del kjem dette særleg til uttrykk gjennom WTO og EØS.

Innanfor både WTO og EØS er tilhøvet mellom kultur og handel omstridt. Striden gjeld mellom anna i kva mon kulturomsyn kan grunngje tiltak som samstundes kan medføra hindringar i vare- og tenestehandelen.

### *WTO*

Kultur er omfatta av WTO ved at kulturelle tenester inngår i tenesteforhandlingane (GATS) under sektorane (i) audiovisuelle tenester og (ii) rekreasjon, kultur og sport. Kulturvarer vert omfatta av GATT.

Kulturektoren, og særleg audiovisuelle tenester, er i sterk vekst internasjonalt. I dag har likevel svært få land, heller ikkje Noreg, påteke seg konkrete plikter som gjeld marknadstilgang, korkje for kulturektoren generelt eller for audiovisuell sektor under tenesteavtala, GATS. Det er ein generell intensjon i GATS om progressiv liberalisering, og medlemslanda forhandlar om strengare reglar for nasjonale subsidiar og støtteordningar. Saman med andre faktorar inneber dette at enkeltland kan få press på seg for å fjerna eller redusera ordningar på kulturområdet og det audiovisuelle feltet. Det er med andre ord usikkert kva fridom WTO-landa vil ha i framtida til å støtta og regulera eigne kulturtiltak og audiovisuelle tenester.

### *EØS*

EØS-avtala medfører at tiltak må vera i samsvar med hovudprinsippa om dei fire fridomane – fri flyt av varer, personar, tenester og kapital. Tiltaka må dessutan vera i samsvar med forbodet mot konkurranseregulerande samarbeid og med forbodet mot konkurransevridande, offentleg støtte. Desse føresegnene gjeld som norsk lov og skal leggjast til grunn ved eventuell motstrid med andre norske føresegner. Sidan reglane gjeld som norsk lov, kan verne- og stimuleringsiltak for kultur utfordrast direkte for norske domstolar i dei tilfella tiltaka påverkar samhandelen i EØS-området.

det. Regelverket inneheld likevel fleire unntaksreglar og gjev rom for dispensasjonar i enkelthøve.

I løpet av 1990-talet vart kulturomsyn traktatfest både i EU- (art. 6) og EF-traktaten (art. 151). I forfatningstraktaten i EU er dette ført vidare, men traktaten er ikkje sett i kraft. I EØS-avtala er det derimot inga traktatfesting av kulturomsyn som lovleg grunn for å innføra handelsrestriksjonar. Traktatendringane i EU har ikkje vorte innførte i EØS-traktaten. Kulturomsyn kan difor verta annleis vurderte under EØS-avtala enn mellom medlemsstatane i EU.

Eit døme er EFTA-domstolens sak 1/01, den såkalla Einarsson-saka på Island, der ordninga med differensierte momssatsar for framandspråkleg og islandskspråkleg litteratur vart utfordra. Domstolen fann at lågare momssatsar for bøker på islandsk streid mot EØS-traktaten. Å fremja bruk av det nasjonale språket vart ikkje vurdert som ei lovleg grunngeving for tiltaket.

#### *UNESCO-konvensjonen for å verna og fremja eit mangfald av kulturuttrykk*

Ein ny konvensjon om å verna og fremja eit mangfald av kulturuttrykk (konvensjonen om kulturelt mangfald) vart vedteken på UNESCOs generalkonferanse 20. oktober 2005.

Før konvensjonen vart vedteken, var det ingen generell, rettsleg bindande kulturkonvensjon på globalt nivå, og konvensjonen vil difor fylla eit rettsleg tomrom. Føremålet med konvensjonen er å stadfesta den retten medlemslanda har til å vedta og gjennomføra ein kulturpolitikk som legg til rette for eit mangfald av kulturuttrykk. Konvensjonen gjeld med verknad frå 18. mars 2007. Per mars 2007 har 56 land ratifisert konvensjonen, og ei rekkje land er i gang med ratifikasjonsprosessen. I tillegg har EU ratifisert konvensjonen.

I samsvar med tilrådinga i St.prp. nr. 76 (2005-2006) gav Stortinget den 13. desember 2006 samtykke til at Noreg ratifiserer denne konvensjonen. Ratifikasjonsinstrumenta vart overleverte 17. januar 2007, og det inneber at konvensjonen gjeld for norsk del med verknad frå 17. april 2007.

Kulturpolitikken i Noreg og mange andre land er tufta på erkjenninga av at marknadskrefter og konkurranse er eit utilstrekkeleg grunnlag for å sikra eit variert og kvalitativt godt kulturliv. Ein aktiv kulturpolitikk er naudsynleg for å sikra eit mangfald av kulturuttrykk og dermed gje reelt grunnlag for å velja blant eit variert kulturtilbod.

Konvensjonen legitimerer den rolla ein målretta kulturpolitikk kan spela for å sikra kulturelt mangfald, både nasjonalt og internasjonalt.

Konvensjonen slår fast at kulturaktivitetar, -varer og -tenester kan ha ein dobbel dimensjon; dei kan vera delar av ein kommersiell marknad og samstundes utgjera viktige verdi- og identitetsberande element i einskildstatars kultur. Konvensjonen stadfestar den retten statspartane har til å ta omsyn til kulturdimensjonen når dei utformar kultur- og mediepolitiske tiltak.

#### **2.6 Utfordringar i regional og lokal kultursektor**

Dei siste tiåra har det skjedd grunnleggjande endringar i kulturlivet både internasjonalt, nasjonalt og lokalt. Globaliseringa fører til auka kulturelt mangfald, og dei kulturelle ytringsformene får eit sterkare internasjonalt preg. Det lokale og stadiene knyter nye og overraskande samband med det regionale og internasjonale. Førestellingar om den norske felleskulturen vert utfordra i eit samfunn som viser veksande grad av kulturell variasjon. Uttrykksmangfaldet veks, og publikum vert meir differensiert.

Dette er endringar som òg verkar inn på kulturlivet i norske lokalsamfunn. Dei siste tiåra har det vakse fram fleire tiltak på sida av den institusjonelle infrastrukturen som vart etablert i 1970- og 80-åra. Delar av kulturverksemda er heilt eller delvis uavhengige av tiltak i regi av den kommunale kultursektoren. Det har vakse fram nye koplingar mellom ulike aktørar. Organisering og arbeidsformer har endra seg, og skiljet mellom offentleg og privat kulturverksemd har vorte utdelegare. Tidsavgrensa prosjekt og flyktig nettverksorganisering har vorte meir vanleg. Ei rekkje tiltak, ikkje minst eit hundretals festivalar, har vakse fram på lokale premissar, ofte med sterk lokal forankring og stor frivillig innsats. Ein del får også bidrag frå privat næringsliv og vert sett i nær samheng med ei berekraftig lokal og regional utvikling. Det er gjerne etablert nettverk i og mellom regionar og oppretta kontaktar med internasjonalt kulturliv.

Eit samansett kulturliv prega av omfattande endringar stiller offentlege styresmakter overfor nye kulturpolitiske utfordringar. Tiltak og verkemiddel for å fremja lokalt og regionalt kulturliv må vurderast i høve til ein samansett kultursituasjon.



## 2.7 Oversyn over instansane som fekk lovutkast og høyringsnotat til høyring

Følgjande instansar vart inviterte til å koma med fråsegner til lovutkast og høyringsnotat:

### *Alle departementa*

### *Andre statlege instansar*

ABM-utvikling  
 Bispedømeråda  
 Bispemøtet  
 Bunad- og folkedraktrådet  
 Fond for lyd og bilete  
 Kyrkjerådet  
 Nasjonalbiblioteket  
 Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa, Høgskolen i Bodø  
 Norsk filmfond  
 Norsk filmutvikling  
 Norsk kulturråd  
 Norsk lokalhistorisk institutt  
 Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek  
 Norsk filminstitutt  
 Riksantikvaren  
 Riksarkivaren  
 Rikskonsertane  
 Riksteatret  
 Sekretariat for Den kulturelle skulesekken  
 Språkrådet  
 Utdanningsdirektoratet  
 Utsmykkingsfondet for offentlige bygg  
 Utvalet for statens stipend og garantiinntekter

### *Sametinget*

### *Fylkeskommunale og kommunale instansar*

Alle fylkeskommunar og kommunar  
 Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon (KS)

### *Andre instansar*

Agder Teater  
 Akademikerne  
 Akershus Teater  
 Avant Garden  
 Beaiiváš Sámi Teáhter  
 Bergen Filharmoniske Orkester  
 Bit 20 Ensemble  
 BIT Teatergarasjen  
 Black Box Teater

Brageteatret  
 Center for Afrikansk Kulturformidling  
 Danse- og teatersentrum  
 Dansens hus  
 Den Nationale Scene  
 Den Norske Fagpresses Forening  
 Den norske Forfatterforening  
 Den Norske Opera  
 Den Norske Rom-forening  
 Den Nye Opera  
 Det mosaiske trossamfunn i Oslo  
 Det norske Blåseensemble anno 1734  
 Det Norske Teatret  
 Det Åpne Teater  
 Du Store Verden!  
 Fagforbundet  
 Fellesrådet for kunstfagene i skolen  
 Forbundet Frie Fotografer  
 Foreningen Roma  
 Haugesund Teater  
 Hedmark Teater  
 HSH (Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon)  
 Humanetisk forbund  
 Hålogaland Teater  
 International Romani Unions representative in Norway  
 Islamsk råd Norge  
 Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon (KA)  
 Kristiansand Symfoniorkester  
 Kulturforbundet  
 Landslaget for lokal- og privatarkiv  
 Landslaget for Spelemenn  
 Landsorganisasjonen for Romanifolket (LOR)  
 Landsorganisasjonen i Norge – LO  
 Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner  
 Musea i det nasjonale museumsnettverket  
 Musikernes fellesorganisasjon  
 Musikkinformasjonssenteret  
 Musikkteatret i Bodø  
 Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design  
 Nationaltheatret  
 NAVO  
 NHO (Næringslivets Hovedorganisasjon)  
 NOPA – Foreningen for Norske komponister og Tekstforfattere  
 Nordic Black Theatre  
 Nordland Teater  
 Noregs Ungdomslag  
 Norges Fotografforbund  
 Norges Korforbund  
 Norges kulturvernforbund

Norges Museumsforbund  
 Norsk bibliotekforening  
 Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening  
 Norsk Filmforbund  
 Norsk Filmkritikerlag  
 Norsk Folkemusikk- og Danselag  
 Norsk jazzforum  
 Norsk Komponistforening  
 Norsk kritikerlag  
 Norsk kulturforum  
 Norsk kulturhusnettverk  
 Norsk kulturskoleråd  
 Norsk musikkråd  
 Norsk Oversetterforening  
 Norsk Rockforbund  
 Norsk Rom-befolkning  
 Norsk Sceneinstruktørforening  
 Norsk Skuespillerforbund  
 Norsk teater- og orkesterforening  
 Norsk teaterråd  
 Norske Arkitekters Landsforbund  
 Norske Barne- og Ungdomsførfattere  
 Norske Billedkunstnere  
 Norske Dansekunstnere  
 Norske Dramatikeres Forbund  
 Norske festivaler  
 Norske Grafikere  
 Norske Grafiske Designere og Illustratører  
 Norske kirkeakademier  
 Norske kunstforeninger  
 Norske Kunsthåndverkere  
 Norske Kveners Forbund/Ruijan Kveeniliitto  
 Norske Scenografer  
 Ny musikk  
 Ny Musikk's Komponistgruppe  
 Nye Carte Blanche  
 Nye Norges Kristne Råd  
 Opera Nord  
 Opera Nordfjord  
 Opera Sør  
 Opera Vest  
 Operaen i Kristiansund  
 Oslo Filharmonien  
 Produksjonsnettverk for elektronisk kunst  
 Regionale kunstnarsentra  
 Ringsakeroperaen  
 Rogaland Teater  
 Rådet for folkemusikk og folkedans  
 Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn  
 Samisk faglitterær forfatter- og oversetterforening  
 Samisk Forfatterforening  
 Samiske Kunstneres Forbund

Skogsfinske interesser i Norge  
 Sogn og Fjordane Teater  
 Stavanger Symfoniorkester  
 Steinvikholm Musikkteater  
 Stiftelsen Horisont  
 Taternes Landsforening  
 Teater Ibsen  
 Teatret Vårt  
 Tegnerforbundet  
 Tromsø Symfoniorkester  
 Trondheim Jazzorkester  
 Trondheim Symfoniorkester  
 Trøndelag Teater  
 Trønderoperaen  
 UKM Norge  
 Unio – Hovedorganisasjonen for universitets- og høyskoleutdannede  
 Vest Norges Opera  
 Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund

### 3 Lovgjeving i Danmark, Sverige og Finland

#### *Danmark*

I Danmark er det meir omfattande lovgjeving på kulturfeltet enn i Noreg. Lover vert ofte brukte der det i Noreg er etablert annan type regelverk eller vilkår knytt til tilskot.

Frå og med 1. januar 2007 vart ei omfattande kommunalreform sett i kraft. Nittiåtte nye kommunar erstatta dei tidlegare 271 kommunane. Amta vart nedlagde, og i staden vart det etablert fem regionar. I tillegg inneber reforma ny oppgåvefordeling og ei finansieringsreform.

På kulturområdet er ny oppgåvefordeling regulert ved fire nye lovforslag som har som føremål å skapa enklare struktur for tildeling av støtte og ei klår arbeidsdeling mellom kommunar, regionar og stat (jf. lov nr. 563 av 24. juni 2005 om endring av ei rekkje lover på kulturområdet, lov nr. 562 av 24. juni om endring av museumslova m. fl., lov nr. 561 av 24. juni om endring av musikklova, lov nr. 519 av 21. juni 2005 om endring av teaterlova). Ansvaret for kultur vert delt mellom stat og kommunar. De nye regionane får høve til, i samanheng med overordna regional planlegging, å setja i verk nye kulturtilbod som kan vidareførast av andre, men regionane har ikkje høve til å yta driftstilskot til kulturinstitusjonar. Kulturministeriet overtek ansvaret for dei tilskota som amta tidlegare ytte til ei rekkje kulturinstitusjonar.

Lov om regionale kulturavtaler (1999) regulerer avtaler mellom kulturministeriet og kulture-

gionar som ønskjer å inngå slike avtaler. Med kommunalreforma har dei regionale kulturavtalene skifta namn til kulturavtaler med kommunar m. v. Det vil vera kommunane i fellesskap eller kvar for seg som vil inngå kulturavtalene med kulturministeriet.

I tida før kommunalreforma og lova om regionale kulturavtaler vart det gjennomført ei rekkje forsøk med å leggja statlege kulturoppgåver ut til kommunar og amt (jf. lov om regionale kulturforsøk (1995)). Føremålet var å styrkja det lokale sjølvstyret, å prøva ut ei ny arbeidsdeling mellom stat, amtskommune og kommune, å betra ressursutnyttinga og å auka den lokale innsatsen på kulturområdet gjennom regionale kulturforsøk.

Evalueringa av ordninga konkluderte med at forsøket førte til fleire initiativ, sterkare resultatorientering og betre kvalitet i det lokale/regionale kulturlivet. Samstundes konstaterte evalueringa at dei fleste resultatata kunne ha vore gjennomførte utan forsøk og lovdispensasjonar.

### Sverige

I Sverige nyttar ein seg i liten grad av lovgjeving på kulturområdet. Ansvaret for kultursektoren er delt mellom stat, landsting og kommunane. Utanom biblioteklova (1996:1596) og kulturminnelova (1988:950) er det ingen lover som regulerer det ansvaret landstinga og kommunane har på kulturfeltet. På same måten som i Noreg er tilskot til kulturføremål i større mon styrt av annan type regelverk enn av lovføresegner, og det finst ei rekkje «föörordningar» som gjev retningsliner og vilkår for offentlege tilskot til kulturføremål.

Også i Sverige har det vore gjennomført forsøksordningar med å leggja statlege oppgåver på kulturområdet ut til landsting (jf. Lag (1996:1414) om försöksverksamhet med ändrad regional ansvarsfordeling). Den såkalla «kulturpåsen» inneber at landstinget overtek fordelinga av stats-tilskot til regionale kulturinstitusjonar frå Statens kulturråd – etter nærare retningsliner frå regjeringa – i utvalde län i perioden 1997-2002. Forsøksverksemda i Skåne og Västra Götalands län skal gjelda fram til 2010.

Hovudkonklusjonen i evalueringa av forsøksordninga i Skåne län og Västra Götalands län er at eit større regionalt ansvaret ikkje har ført til merkbare endringar i fordelinga av midlar til kulturinstitusjonar. Statens kulturråd hevdar at eit system med ein såkalla «kulturpåse» er til hinder for ein aktiv, nasjonal kulturpolitikk. Forsøksverksemda har hindra statlege innsatsar som etter Sta-

tens kulturråds vurdering kunne ha vore til stor nytte.

### Finland

I Finland er det etablert ei omfattande lovgjeving på kulturområdet. Det offentlege ansvaret for kultur er delt mellom staten og kommunane. Det finst ikkje noko autonomt regionalt forvaltningsnivå. Staten har det økonomiske ansvaret på regionalt nivå gjennom «läns»-styra, regionale administrative organ som er ein del av det statlege forvaltningsapparatet.

Den finske lova om kulturverksemd i kommunane (3.8.1992/728) har ofte vore vist til som ein relevant modell for ei generell kulturlov i Noreg. Denne lova pålegg kommunane å fremja, støtta og organisera kulturverksemda i kommunane. Kommunane skal òg leggja til rette for at innbyggjarane har tilgang til grunnundervisning i kunst, og til undervisning innanfor amatørverksemd.

«Kulturverksemd» omfattar «professionell och amatörmässig konstutövning, erbjudande och anlitande av konstnärliga tjänster, hembygdsarbete samt tillvaratagande och främjande av det lokala kulturarvet».

Denne enkle lova går inn i eit komplekst system som i lovs form detaljregulerer statlege og kommunale tilskot til kulturføremål, jf. lov om «statsandelar» til kommunane (20.12.1996/1147) og lov om finansiering av undervisnings- og kulturverksemd (21.8.1998/635). Det er desse detaljerte og komplekse lovene som avgjer det konkrete løyving- og aktivitetsnivået i kommunane. Dei er tufta på eit heilt anna prinsipp enn det norske systemet med rammeløyvingar frå staten til fylkeskommunar og kommunar. Slik sett uttrykker den finske kulturlova berre ein generell politisk vilje til å fremja kulturverksemd. I tillegg finst det ei eiga biblioteklov (904/1998), museumslov (729/1992) og teater- og orkesterlov (730/1992).

## 4 Grunnlovsfesting av kulturomsyn – ei førebels vurdering

### 4.1 Innleiing

I diskusjonane om ei generell kulturlov har òg spørsmålet om grunnlovsfesting av kulturomsyn kome opp. Spørsmålet er særleg relevant i høve til dei internasjonale utfordringane som er diskuterte i pkt. 2.5. I denne omgangen gjev departementet berre ei generell vurdering av spørsmålet, m.a. tufta på dei synspunkta som har kome til

uttrykk i høyringsrunden. Ei eventuell oppfølging av spørsmålet med tanke på å skriva inn kulturomsyn i Grunnlova skal gjerast seinare.

I drøftingane om dette spørsmålet har det vore hevda at ei grunnlovsfesting vil kunna markera verdien av kulturdimensjonen i det norske samfunnet og dermed vera ein grunnleggjande premis for den plassen kulturpolitikken skal ha i det norske velferdssamfunnet. Slik sett vil det å grunnlovsfesta kulturomsyn vera ei klår og sterk viljesfråsegn.

I dag finst det nokre slike føresegner i Grunnlova; det gjeld § 110 om retten til arbeid, § 110 a om samisk språk og kultur, § 110 b om miljø og § 110 c om menneskerettar.

#### 4.2 Problemstillingar

I høyringsnotatet som ligg til grunn for framlegget til kulturlov, vert det presentert ulike problemstillingar som må vurderast, dersom det skal utarbeidast ei grunnlovsending som gjeld kulturomsyn.

##### *Kulturpolitisk handlingsrom i høve til internasjonalt regelverk*

I høyringsnotatet vert det vist til eit argument om at grunnlovsfesting av kulturomsyn vil kunna gje politisk og rettsleg styrke når slike spørsmål kjem opp til drøfting og vurdering innanfor t.d. WTO. Det vert også vist til at ei grunnlovsføresegn om kulturomsyn vil kunna vera eit argument til støtte for den generelle europeiske posisjonen som er i tråd med UNESCO-konvensjonen om kulturelt mangfald. Å grunnlovsfesta kulturomsyn vil vera eit sterkt politisk signal, også internasjonalt, som oppfølging av denne konvensjonen.

Dette er samansette problemstillingar som krev grundige analysar, mellom anna av tilhøvet mellom nasjonal rett og folkeretten.

##### *Språkdimensjonen i kulturpolitikken*

Omsynet til norsk språk er ein viktig del av kulturpolitikken. Ei rekkje kulturpolitiske tiltak har heilt eller delvis som mål å styrkja og utvikla bruk av norsk språk. Den såkalla Einarsson-saka E-1/01 som er omtalt ovanfor, illustrerer at slike omsyn ikkje er like sjølvsagde innanfor rammene av EØS-avtala. Det har vorte hevda at grunnlovsfesting av språk- og andre kulturomsyn kan vera med på å styrkja grunnlaget for å utforma og gjennomføra tiltak for å verna, utvikla og fremja dei nasjo-

nale språka. Dette spørsmålet vert nærare drøfta i den stortingsmeldinga om språk som departementet tek sikte på å leggja fram seinare i år.

I gjeldande grunnlov er omsynet til samisk språk og kultur nedfelt i § 110 a, som pålegg staten å leggja tilhøva til rette for at den samiske folkegruppa kan sikra og utvikla språket, kulturen og samfunnet. Det kan argumenterast for at norsk språk òg burde omfattast av ei tilsvarende formulering.

##### *Tilhøvet til andre grunnlovsføresegner*

I høyringsnotatet vert det òg vist til at eventuell grunnlovsfesting av kulturomsyn vil måtta vurderast opp mot eksisterande grunnlovsføresegner med kulturpolitisk relevans. Det gjeld § 110 a, men også føresegna om ytringsfridom, § 100 sjette leden. Denne føresegna inneber, i alle fall eit stykke på veg, ei grunnlovsfesting av det som ville kunna liggja i ei føresegn om kulturomsyn. Det inneber at ei eventuell grunnlovsfesting av kulturomsyn må gje eit breiare og meir omfattande grunnlag for å utforma og gjennomføra målretta kulturpolitikk, enn det den noverande sjette leden i § 100 kan gje.

#### 4.3 Synspunkt i høyringsrunden

Hovudmeldinga frå dei som ytrar seg om problemstillinga, er at det bør arbeidast vidare med å utgreia spørsmålet om grunnlovsfesting.

*Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon (KS)* meiner ein bør visa atterhald når de gjeld kva omsyn som skal grunnlovsfestast og seier at kulturlova i seg sjølv ikkje er godt nok grunnlag for å grunnlovsfesta kulturomsyn. KS vil likevel støtta at ein arbeider vidare med å vurdere dette spørsmålet. «Dette for å sikre kulturpolitisk handlingsrom, som et virkemiddel til å fremme norske språk nasjonalt og internasjonalt samt for å sikre ulike befolkningsgruppers mulighet til å utvikle sin egen kultur.»

Av dei fylkeskommunane som har uttalt seg i saka, er *Troms fylkeskommune* – i tillegg til Oslo kommune – imot å grunnlovsfesta kulturomsyn. Nokre er avventande, t.d. Akershus og Hedmark fylkeskommunar. Eit fleirtal av dei fylkeskommunane som har gjeve fråsegn, er positive til at det skal gjennomførast eit utgreiingsarbeid om problemstillinga. Så godt som alle viser til behovet for politiske tiltak for å styrkja og utvikla norsk språk. Dessutan vert det vist til den effekten grunnlovsfesting av kulturomsyn vil kunna ha med tanke på



å sikra og markera eit handlingsrom for ein nasjonal kulturpolitikk. Vidare vert det vist til at ei grunnlovsfesting vil vera ei svært synleg markering av at Noreg vil følgja opp UNESCO-konvensjonen om kulturelt mangfald.

Dei same synspunkta vert òg framførte av eit fleirtal av kommunar og institusjonar og organisasjonar som har gjeve fråsegn om grunnlovsfesting av kulturomsyn. *Norsk kulturråds* fråsegn kan stå som døme på dei momenta som høyringsinstansane legg vekt på:

«Premisser for en grunnlovsfesting av kulturhensyn bør være at dette vil bidra til å sikre norsk språk, identitet og kulturelt mangfold, og at det vil være et viktig virkemiddel for å bidra til å sikre handlingsrommet for en nasjonal kulturpolitikk. Ut fra slike betraktninger vil Norsk kulturråd støtte at kulturhensyn grunnlovsfestes.»

*Språkrådet* gjev ein grundig presentasjon av språkdimensjonen i tilknytning til eventuell grunnlovsfesting av kulturomsyn. Språkrådet viser til at samisk språk og kultur har fått eit formelt vern i § 100 a i Grunnlova. Ei slik særbehandling av samisk språk er heilt naturleg, ikkje minst sett i lys av den sterke fornorskingspolitikken som både samisk og finsk lenge var utsette for. Samstundes peikar Språkrådet på at sjølv om norsk språk er majoritetens språk, er det klare tendensar til at norsk bruksspråk i fleire samanhengar må vika for engelsk. Dette inneber at norsk språk ikkje er like sjølvstøtt som språkleg grunnlag som det var for berre nokre tiår sidan. Språkrådet argumenterer difor for ei grunnlovsfesting som sikrar bruk og utvikling av norsk språk.

#### 4.4 Vidare oppfølging

Departementet konstaterer at det er generell støtte til å gå vidare med ei utgreiing som meir detaljert og konkret vurderer eventuell grunnlovsfesting av kulturomsyn. På dette stadiet tek ikkje departementet stilling til dei konkrete grunnlovsformuleringane som somme av høyringsinstansane har sendt inn. Det vil verta ein naturleg del av den vidare prosessen. Departementet konstaterer òg at høyringsrunden ikkje har resultert i andre problemstillingar enn dei som det er gjort greie for i høyringsnotatet.

Departementet vil koma attende til desse spørsmåla seinare.

## 5 Framlegg til kulturlov

### 5.1 Føremål med lova

Føremålet med ei generell kulturlov er å gje kultursektoren større tyngd og status som offentlig ansvarsområde. Lova skal markera tydeleg det ansvaret offentlege styresmakter har for å leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleva eit mangfald av kulturuttrykk.

Det er lagt til grunn at lova skal vera enkel og overordna utan detaljerte føringar for løyvningsnivå, prioriteringar eller organisering av kulturarbeidet i kommunar og fylkeskommunar. Ei lov som skulle fastsetja løyvningsnivå og/eller organisatoriske løysingar i kommunar og fylkeskommunar, ville i for høg grad ha gripe inn i det lokale sjølvstyret og verka i motsett retning av kommunelova, som generelt gjev kommunane monaleg fridom til sjølve å avgjera korleis dei skal organisera verksemda si. Nasjonale, kulturpolitiske fellesmål må avvegast mot kravet om kommunalt og fylkeskommunalt sjølvstyre.

I lovframlegget er det lagt vekt på at lovfesting ikkje må skapa firkanta rammevilkår som hindrar nødvendig tilpassing til lokale behov og kontinuerlege endringar i kultursektoren. Kulturpolitikken må heile tida kunna tilpassa seg ein sektor i rask endring og fanga opp nye behov. Både løyvningsnivå og prioriteringar bør difor vera gjenstand for politiske vedtak og ikkje bindast i lovsform.

Det er eit mål at lova skal medverka til å lyfta kulturområdet både når det gjeld status og økonomiske rammevilkår. Framlegget er tufta på ei avveging mellom på den eine sida behov for å påleggja fylkeskommunen og kommunen plikter, slik at lova skal kunna medverka til å lyfta kulturområdet, og på den andre sida behov for å ta omsyn til fleksibilitet og lokalt sjølvstyre.

Lovframlegget inneheld ikkje pålegg om spesifikke økonomisk oppfølging frå staten si side til kommunane og fylkeskommunane i form av øyremerkte statstilskot til kulturføremål. Statlege overføringar til kommunar og fylkeskommunar til kulturføremål inngår i dei generelle rammeoverføringane. Sidan det ikkje er aktuelt å endra rammeoverføringsprinsippet, er det heller ikkje aktuelt å forplikta staten til å gje spesifikke økonomiske garantiar for kulturverksemda. Prioritering innanfor budsjettammene er eit fylkeskommunalt og kommunalt ansvar og privilegium.

Utkastet inneheld heller ikkje særskilde reglar om tilsyn og kontroll for å sikra at fylkeskommu-

nen og kommunen oppfyller pliktene. Reglar om rapporteringsplikt som gjeld ressursbruk og tenesteyting, er fastsette i kommunelova § 49 og forskrift 15. desember 2000 nr. 1425 om rapportering frå kommunar og fylkeskommunar.

Lovframlegget tek omsyn til at utforming og gjennomføring av kulturpolitikken ikkje berre handlar om tilhøvet mellom stat, fylkeskommune, kommune og kulturlivet. Med aukande grad av globalisering vert utforming og gjennomføring av kulturpolitikken utfordra av internasjonalt avtaleverk som EØS og WTO. Lovframlegget kan også sjåast på som ei oppfølging av UNESCO-konvensjonen frå 2005 om å verna og fremja eit mangfald av kulturuttrykk. Konvensjonen vert gjerne kalla «konvensjonen om kulturelt mangfald». Eitt av hovudmåla med konvensjonen er å sikra den retten enkeltland har til å utforma og gjennomføra ein aktiv kultur- og mediepolitikk for å verna og fremja eit mangfald av kulturuttrykk. I samsvar med tilråding i St.prp. 76 (2005-2006) gav Stortinget den 13. desember 2006 samtykke til at Noreg ratifiserer denne konvensjonen. Ratifikasjonsinstrumenta vart overleverte i Paris den 17. januar 2007, og det inneber at konvensjonen gjeld for Noreg med verknad frå 17. april 2007.

## 5.2 Generelle merknader frå høyringsrunden

Det vart gjennomført ei omfattande høyring i perioden primo november 2006 til 1. februar 2007. Alle departement, Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon (KS), Sametinget, fylkeskommunar, kommunar og ei rekkje institusjonar og organisasjonar vart inviterte til å uttala seg.

Ingen av høyringsinstansane er direkte imot å innføra ei generell kulturlov, med unntak av *Oslo kommune*, som

«stiller seg kritisk til forslaget om at kulturområdet skal lovreguleres. Av dette følger at kommunen heller ikkje finner det hensiktsmessig å grunnlovsfeste kulturhensynet. Det foreliggende lovforslaget inneholder få eller ingen elementer som kan gi forvaltningen på ulike nivåer anledning til å prioritere kulturfeltet fremfor andre samfunnsområder.»

*Sandefford kommune* er positiv til ei kulturlov, men kan ikkje slutta seg til høyringsutkastet, som kommunen meiner vil innebera fleire nye, utvida oppgåver for kommunane, utan auka økonomiske overføringar frå staten.

Dei andre høyringsinstansane støttar at det skal lagast ei kulturlov og gjev i all hovudsak tilslutning til hovudprinsippa som er nedfelte i det utsende lovutkastet.

*Justisdepartementet* har merkt seg den generelle og overordna innretninga som lovteksten har fått. Vidare seier departementet:

«Selv om lovutkastet ikke innebærer rettigheter eller plikter for innbyggerne, vil ikke Justisdepartementet fraskrive det enhver rettslig betydning. Lovutkastet vil kunne tenkes å styrke den rettslige relevans av kulturelle verdier ved forvaltningens skjønnsutøving i forskjellige sammenhenger. Når kulturoppgaver blir lovfestet som en oppgave for fylkeskommuner og kommuner, vil dette kunne ha betydning for fylkesmannens eller departementets kontroll etter kommuneloven kapittel 10.»

Kultur- og kyrkjedepartementet sluttar seg til denne vurderinga frå Justisdepartementet.

*Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon (KS)*, *fylkeskommunane* og *kommunane* vurderer det som positivt at lova er enkel og generell, og at ho gjev handlingsrom for det regionale og lokale sjølvstyret. Samstundes understrekar lova det offentlege ansvaret for eit breitt felt av kulturverksemd. Følgjande sitat frå KS er dekjande for det synet fylkeskommunar og kommunar har på lova:

«KS tar til etterretning at det skal innføres en ny lov om offentlige myndigheters ansvar for kulturvirksomhet. Med dette utgangspunkt er KS positiv til utformingen av det nye lovforslaget. Det ivaretar etter KS' mening hensynet til lokaldemokratiet på en god måte og muliggjør at kommunesektoren fortsatt kan ivareta sin kulturpolitikk i samsvar med regionens, kommunens og befolkningens interesser.»

Fleire kommunar etterlyser bruk av planarbeid som eit verkemiddel for å følgja opp kulturlova. Somme kommunar understrekar at staten må følgja opp med auka økonomiske overføringar til regionalt og lokalt nivå, slik at fylkeskommunar og kommunar kan setjast i stand til å oppfylla intensjonane i lova.

Høyringsfråsegnene frå institusjonar og organisasjonar med relasjonar til kulturområdet stiller seg positive til kulturlovsutkastet. I den grad det kjem motførestellingar, uttrykkjer dei at lova ikkje går langt nok når det gjeld å gje konkrete føringar og pålegg om å følgja opp intensjonen i lova med

økonomiske og andre ressursar. Somme vil at lova skal detaljinstruera fylkeskommunar og kommunar om ressursbruk på kulturtiltak, og nokre få meiner at lova skal innehalda ei prosentfesting av kor store økonomiske ressursar som skal gå til kulturverksemd. Nokre få vil ha eit meir konkret påbod om korleis kommunar og fylkeskommunar skal organisera arbeidet med kulturverksemd, og lovfesta krav om fagutdanning for dei som arbeider med kulturfeltet, på lik line med kravet om bibliotekutdanning i lov om folkebibliotek.

Departementet konstaterer at det er sterk allmenn semje når det gjeld innretning og utforming av kulturlova. Så godt som alle høyringsinstansane meiner at lova er føremålstenleg for å fremja kulturverksemd. Ikkje minst er det viktig at fylkeskommunar og kommunar er så positive til lovutkastet. Dei er, saman med staten, hovudaktørar i det konkrete, politiske arbeidet med å følgja opp lova.

Ikkje uventa er det mange frå kulturlivet som etterlyser meir konkret omtale av dei ressursane som det offentlege skal stilla til rådvelde for å kunna gje substans til ei variert kulturverksemd. Fleire ønskjer at ressursbruken skal konkretiserast i lovteksten. Her har departementet frå første stund hatt ein tydeleg posisjon. Det er uaktuelt å bruka lova til å formulera konkrete eller detaljerte påbod om løyvingnivå eller organisatoriske løysingar. Lova slår fast det grunnleggjande ansvaret som offentlege styresmakter har for kulturverksemd. Det er dessutan konkretisert ulike typar tiltak og verkemiddel som forvaltningsnivåa kan bruka for å oppfylle intensjonane i lova. Løyvingnivå og organisatoriske løysingar høyrer derimot til dei oppgåvene som kontinuerleg må drøftast, vurderast og prioriterast i det politiske arbeidet. Det vil vera i direkte motstrid til den dynamikken og endringsviljen som ligg i kulturlivet, å bruka ei lov til å halda eit så viktig felt som kulturlivet borte frå den politiske debatten og dei politiske vurderingane som ligg til grunn for prioritering av ressursar. Samfunnet er ikkje tent med det, heller ikkje kulturlivet.

Frå *kyrkjeleg* hald, bl.a. frå Kyrkjerådet og nokre bispedømeråd vert det etterlyst ei meir eksplisitt omtale av kyrkja som aktør i kulturlivet på lik line med andre aktørar. Her vil departementet streka under at kulturlova sjølv sagt er heilt livssynsneutral når det gjeld aktørar og kulturuttrykk. Aktivitetar og kulturuttrykk som har utspring i Den norske kyrkja eller andre livssynsamfunn, er omfatta av denne lova på same måten som andre kulturaktivitetar og kulturuttrykk er

det. Korleis stat, fylkeskommunar eller kommunar vel å prioritera mellom ulike aktivitetar og uttrykk, vil vera resultat av politiske avgjerder. Men ingen kulturaktivitet eller kulturuttrykk vil med tilvising til kulturlova kunna hevda å ha førerett framfor andre.

*Norsk forfatterforening* tolkar høyringsnotatet slik at den viktigaste oppgåva for kulturpolitikken – og dermed også den viktigaste funksjonen for kulturlova – er å oppfylle yringsfridom og infrastrukturkravet i Grunnlova § 100.

Departementet vil visa til det som står i St.meld. nr. 26 (2003-2004) om korleis kulturpolitisk forankra tiltak kan vera med på å gje det såkalla infrastrukturkravet i Grunnlova konkret innhald. M.a. vert det vist til finansiering av institusjonar som arkiv, bibliotek og museum. Ordningar med støtte til innkjøp av litteratur er eit anna døme på korleis kulturpolitiske tiltak kan gje yringsfridomen eit konkret innhald gjennom å sikra eit mangfald av litteraturuttrykk. Dette inneber likevel ikkje at hovudmålet med kulturpolitiske tiltak er å oppfylle yringsfridom eller infrastrukturkravet i Grunnlova. Yringsfridom er ein grunnleggjande føresetnad for ein kulturpolitikk som legg vekt på at mange kulturrøyster skal koma til orde. Men hovudmåla for kulturpolitikk vil likevel vera å gje einskildpersonar og grupper høve til å uttrykkja eller oppleve alle dei emosjonelle og intellektuelle kvalitetane og utfordringane som eit levande og variert kulturliv kan by på. Dette er kvalitative aspekt som går langt utover det å føra ei open og opplyst samtale eller å distribuera meiningsytringar. Kulturpolitikk har difor samfunnsmessige sider som støttar og fremjar yringsfridom, men hovudperspektivet er retta mot verdiar som femner vidare enn yringsfridom.

KS, åtte av 16 fylkeskommunar og fleire kommunar reiser spørsmålet om ikkje *idrett* bør høyra inn under verkeområdet til kulturlova. Sjølv om departementet i høyringsbrevet har gjort det klårt at idretten ikkje skal omfattast av kulturlova, bed dei om at spørsmålet vert vurdert. Dei argumenterer med at idrett, anlegg for idrett og friluftsliv og tilrettelegging for fysisk aktivitet lenge har vore ein svært viktig del av det fylkeskommunale og kommunale kulturarbeidet.

Departementet har merkt seg innspela frå dei fylkeskommunale og kommunale aktørane om å integrera idrettsfeltet i kulturlova. Sidan det frå første stund har vore meininga å laga ei lov som ikkje omfattar idrettsfeltet, har det ikkje vore gjennomført nødvendig utgreiingsarbeid for å sjå på konsekvensane av å eventuelt la kulturlova

også omfatta idrettsfeltet og friluftsliv. Det har medført at idrettsorganisasjonane heller ikkje har vore høyrde i spørsmålet. Det er difor uaktuelt for departementet å gå inn i ei realitetsvurdering av dette spørsmålet. Departementet vil såleis leggja fram lova i samsvar med dei opphavlege intensjonane.

Som del av høyringsfråsegnene om utkastet til kulturlov vert det frå museumshald teke opp spørsmålet om ei eiga museumslov. Departementet registrerer synspunkta, men går ikkje inn i ei realitetsvurdering i denne samanhengen.

KS og somme fylkeskommunar tek også opp eventuell endring av oppgåvefordeling innanfor kulturfeltet i lys av arbeidet med regionalreforma. Departementet vil ikkje ta stilling til dette no. Når det ligg føre konklusjonar om regionalreforma, vil eventuelle konsekvensar for oppgåvefordelinga verta drøfta der og då.

### 5.3 Om høyringsfråsegnene til dei enkelte paragrafane

I det følgjande vert det presentert ein summarisk gjennomgang av dei endringsframlegga som inneber substansielle forslag til endringar av formuleringane i det lovutkastet som har vore på høyring.

#### Tittelen

Justisdepartementet problematiserer i si høyringsfråsegn omgrepet «ansvar». Omgrepet er sentralt i tittelen og er brukt som nøkkelord fleire andre stader i lovteksten.

«Etter Justisdepartementets syn bør man være varsom med å bruke begrepet «ansvar» slik det er gjort i høyringsutkastet. Ansvarsbegrepet er flertydig og kan lett bli tatt til inntekt for muligheten for – i det minste – et erstatningsansvar. Vårt inntrykk er at «ansvar» her er brukt nærmest i betydningen «oppgave» eller «overordnet oppgave».

Kultur- og kyrkjedepartementet kan vanskeleg sjå at omgrepet «ansvar» i den samanhengen det står i, kan gje grunnlag for resonnement og argumentasjon om erstatningsansvar, dersom nokon skulle vera misnøgde med skjønnet som stat, fylkeskommune eller kommune har utøvt i den konkrete oppfølginga av lova. Mange har påpeikt, også Justisdepartementet, at lova ikkje gjev innbyggjarane nye rettar eller plikter. «Ansvar» er elles innarbeid i anna lovverk på kulturfeltet, t.d. i lov 20. desember 1985

nr. 108 om folkebibliotek, der det i § 2 vert omtalt kva delar av bibliotekfeltet kommunar, fylkeskommunar og staten har «ansvar» for. Etter ei samla vurdering meiner Kultur- og kyrkjedepartementet at omgrepet «ansvar» høver best i tittelen og i føremålsparagrafen for å uttrykkja den overordna relasjonen offentlege styresmakter skal ha overfor kultursektoren.

I paragrafane 3, 4 og 5 derimot, der ansvaret for kulturverksemd vert konkretisert, finn departementet det rettare å bruka omgrepet «oppgåver», fordi det er tale om tilretteleggjande tiltak og handlingar som konkretiserer korleis det overordna ansvaret skal effektuerast. Dette er ein meir treffande ordbruk utan at det medfører endring av substans. Ein parallell til dette finn ein i lov om folkebibliotek, der «oppgave» er brukt i § 1 første ledd og i § 13, jf. elles omtale av paragrafane 3, 4 og 5 nedanfor.

#### § 1 Føremål

Somme høyringsinstansar vil at føremålsparagrafen skal innehalda ei stadfesting av kor viktig kulturdimensjonen er i samfunnet (t.d. *ABM-utvikling, Fagforbundet, HSH, Norsk kulturforum, Norsk oversetterforning, Norsk teaterråd, Norske dansekunstnere*). Andre vil framheva kunstverksemd/profesjonell kunstverksemd ved å nemna desse områda spesielt i føremålsparagrafen og i § 2 (t.d. *Fagforbundet, Fellesrådet for kunstfagene i skolen, Landsforbundets teatrets venner, Musikernes landsforbund, Norsk folkemusikk- og danselag, Norsk skuespillerforbund*). Atter andre vil at språk skal nemnast spesielt i føremålsparagrafen (t.d. *Landssamanslutninga for nynorsk kommunar, Norsk oversetterforening*).

Departementet er samd i at kulturdimensjonen er viktig i samfunnet. Men føremålet med lova er å spesifisera eit ansvar for offentlege styresmakter, ikkje å stadfesta ei allmenn vurdering av kor viktig kulturverksemd er i og for samfunnet.

Departementet har heilt medvite valt å bruka omgrepet «kulturverksemd» for å signalisera ei vid og inkluderande tilnærming til verkeområdet for kulturlova. I alle år som det har eksistert kulturpolitikk, har kunstverksemd, med hovudvekt på den profesjonelle kunstverksemda, vore ein markant del av kulturpolitikken og den tyngste i den statlege ressursinnsatsen. Det vil likevel vera feil å nemna somme delar av «kulturverksemd» i føremålsparagrafen, når det er ein eigen definisjonsparagraf (§ 2) som eintydig slår fast at kunst-



verksemd er ein sjølvsgd og viktig del av verkeområdet for lova. Føremålsparagrafen vert difor ståande slik han var formulert i høyringsutkastet.

Når det gjeld språk, har det sjølvsgt relevans for store delar av det aktivitetfeltet som høyrer inn under verkeområdet for kulturlova. Det finst likevel viktige kulturaktivitetar der språk spelar lita eller inga rolle, t.d. i musikkssamanheng og i delar av scenekunstfeltet. Samstundes er det grunn til å peika på at språk representerer ein overordna dimensjon som går inn i dei fleste samfunnstilhøva, og som difor går langt vidare enn dei problemstillingane som kulturlova rettar seg inn mot. Språkdimensjonen vert elles drøfta i ei eiga stortingsmelding om språk. Meldinga skal leggjast fram i løpet av 2007.

Språk vert ikkje nemnt særskilt i kulturlova. Det forhindrar ikkje at mange aktivitetar som gjeld språk og språkdokumentasjon, til dømes innsamling og publisering av dialektord og -uttrykk, utarbeiding av ordbøker osv., i praktisk kulturpolitikk mykje vel kan koma inn under verkeområdet til kulturlova.

## § 2 Definisjonar

Til § 2 bokstav a vert det av somme vist til at dei prosessane som er lista opp («skapa, produsera, utøva, formidla og distribuera»), ikkje berre kjenneteiknar kunstområdet; dei er også vesentlege kjenneteikn for kulturverksemd som ikkje er kunstuttrykk. Somme (t.d. *GRAMART, Kulturforbundet, Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening*) føreslår difor å bruka den vide nemninga «kulturuttrykk».

Departementet forstår dette synspunktet. Samstundes er dei prosessane som er lista opp, markante kjenneteikn ved kunstnarleg aktivitet. I denne proposisjonen er difor ordlyden endra til «kunst- og andre kulturuttrykk» for på den måten å femna heilskapen og samstundes markera den tyngda som kunstfeltet har innanfor verkeområdet til lova.

Fleire (t.d. *Sametinget, ABM-utvikling, Landslaget for lokal- og privatarkiv*) peikar på at omgrepet «kulturarven» i bunden form i § 2 bokstav b kan gje assosiasjonar til at det berre finst éin kulturarv i Noreg, og då i meininga majoritetens kulturarv. Andre peikar på at uttrykket «verna om» gjev eit statisk inntrykk av kva arbeid med kulturarv inneber, og at vidareføringsaspektet vert underkommunisert. Vidareføring gjeld spesielt immateriell kulturarv, der det er heilt avgjerande at levande utøvarar vidarefører og utviklar dei

ulike kulturuttrykka som til kvar tid vert identifisert som immateriell kulturarv.

Departementet er samd i desse synspunkta og har endra teksten slik: «b) å verna om, fremja innsikt i og vidareføra kulturarv,». På den måten vert det signalisert at lova omfattar kulturarv, uavhengig av om det gjeld majoritets- eller minoritetsgrupper. Hovudsaka er at aktiviteten er forankra i det som til kvar tid vert identifisert som kulturarv, t.d. i medhald av kulturminnelova eller i samsvar med den nyratifiserte UNESCO-konvensjonen om vern av immateriell kulturarv. Ved å innføra verbet «vidareføra» får teksten med seg eit viktig aspekt ved den nemnde UNESCO-konvensjonen om vern av immateriell kulturarv.

*Norsk kulturråd og Norsk skuespillerforbund* føreslår å ta inn ny bokstav e, for å understreka at arbeid med å fremja estetiske kvalitetar bør høyra inn under verkeområdet for kulturlova. Etter departementets syn er dette unødvendig fordi slik aktivitet utan vanskar vil koma inn under dei andre definisjonspunkta. Elles kan det nemnast at estetiske omsyn relatert til bygningar og det offentlege rommet er dekte av §§ 2, 20-1 og 74 i lov 14. juni 1985 nr. 77 plan- og bygningslova.

## § 3 Statens oppgåver og § 4 Fylkeskommunens og kommunens oppgåver

Kommentarane frå høyringsinstansane gjer det naturleg å sjå på desse to paragrafane under eitt.

Fleire peikar på at det er ulikt detaljeringsnivå for det som er statens oppgåver (§ 3), og det som dei to andre forvaltningsnivåa skal gjera (§ 4). Dette har vorte tolka slik at lova vil leggja dei oppgåvene som er nemnde i § 4, på fylkeskommunane og kommunane åleine, og at dei ikkje skal gjelda staten. Departementet vil framheva at dette sjølvsgt ikkje har vore meininga. Å syta for føreseielege utviklingskår, å fremja profesjonalitet og kvalitet og å syta for at føremålstenleg informasjon er tilgjengeleg, skal gjelda stat, fylkeskommune og kommune i likt mon. Slik er det i praktisk kulturpolitikk i dag, og slik bør det vera også i framtida. For å markera dette tydelegare har difor departementet skilt ut dei tre siste ledene i gamal § 4 i ein ny § 5 med tittel «Felles oppgåver». Dei tre siste paragrafane i lova vil dermed vera slik:

### «§ 3 Statens oppgåver

Staten skal fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd over heile landet gjennom rettslege, økonomiske, organi-

satoriske, informerende og andre relevante verkemiddel og tiltak.

Staten skal utforma verkemiddel og gjennomføra tiltak for å fremja og verna eit mangfald av kulturuttrykk i samsvar med internasjonale rettar og plikter.

#### § 4 Fylkeskommunens og kommunens oppgåver

Fylkeskommunen og kommunen skal syta for økonomiske, organisatoriske, informerende og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt.

#### § 5 Felles oppgåver

Staten, fylkeskommunen og kommunen skal syta for

- a) at kulturlivet har føreseielege utviklingskår,
- b) å fremja profesjonalitet og kvalitet i kulturtilbodet og leggja til rette for deltaking i kulturaktivitetar,
- c) at personar, organisasjonar og institusjonar har tilgang til informasjon om ordningar med økonomisk støtte og om andre verkemiddel og tiltak.»

## 6 Økonomiske og administrative konsekvensar

Føremålet med lova er å slå fast offentlege styresmakters ansvar på kulturområdet. Ettersom det er tale om ei enkel lov utan detaljerte føringar for løyvningsnivå eller organisering, vil kulturlova ikkje ha direkte økonomiske eller administrative konsekvensar.

## 7 Merknader til føresegnene i lovframlegget

### Til § 1 Føremål

Paragrafen fastslår at lova skal gjelda offentlege styresmakters ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd. Med «offentlege styresmakter» meiner ein stat, fylkeskommune og kommune. «Kulturverksemd» er definert i § 2.

Med «fremja og leggja til rette for» er det meint å sikra gode rammevilkår med utgangspunkt i prinsippet om armlengdeavstand mellom styresmaktene og kulturlivet. Dette prinsippet skal sikra at kulturlivet er uavhengig av politiske

styresmakter når det gjeld kulturfagleg innhald. Prinsippet rokkar likevel ikkje ved det ansvaret offentlege styresmakter har for å skaffa kultursektoren føremålstenlege rammevilkår.

Med «breitt spekter» meiner ein variasjon i kulturuttrykk og -aktivitetar som møter behov i ein samansatt folkesetnad. Dette inneber at offentlege styresmakter også skal fremja og leggja til rette for uttrykk og aktivitetar som har eit smalt nedslagsfelt, ettersom det er summen av desse som skaper eit breitt samansett tilbod.

Paragrafen slår vidare fast at eit breitt spekter av kulturverksemd skal gje alle høve til å delta i kulturaktivitet og å oppleva eit mangfald av kulturuttrykk. Med «alle» meiner ein ulike lag og delar av befolkninga i Noreg på tvers av geografi, økonomi, kjønn, alder, etnisitet og religiøse, sosiale og kulturelle skiljelinjer. Dette inneber òg at kulturverksemda skal ta omsyn til personar med ulike former for funksjonshemmingar. Ikkje minst vil dette gjelda prinsippet om universell utforming av bygningar og lokale som skal nyttast til kulturføremål.

Gjennom formuleringane «å delta i kulturaktivitet» og «å oppleva eit mangfald av kulturuttrykk» vert det uttrykt både eit aktivitets- og brukarperspektiv og eit uttrykks- og tilbydarperspektiv.

«Kulturuttrykk» viser til bruken av dette omgrepet i UNESCO-konvensjonen om kulturelt mangfald, artikkel 4. I konvensjonen er «kulturuttrykk» definert som «uttrykk som er resultat av enkeltpersoners, grupper eller samfunns kreativitet, og som har et kulturinnhold». «Kulturinnhold» viser til «den symbolske betydningen, den kunstneriske dimensjonen og de kulturelle verdiene som springer ut fra eller uttrykker kulturelle identiteter».

### Til § 2 Definisjonar

«Kultur» kan ikkje definerast eintydig som objekt for lovgjeving. I lovframlegget er det formulert ein vid og ikkje-uttømande definisjon av «kulturverksemd». Det er lagt til grunn ei forståing av kultur som sektor, dvs. at det omfattar dei mangarta uttrykka og aktivitetane som manifesterer seg innanfor kulturlivet og kulturpolitikkenes ansvarsområde. Definisjonane dekkjer både profesjonell kulturverksemd og aktiviteten i den frivillige delen av kulturlivet.

Kulturverksemd» er definert slik:

- a) «skapa, produsera, utøva, formidla og distribuera kunst- og andre kulturuttrykk,

- b) verna om, fremja innsikt i og vidareføra kulturarv,
- c) delta i kulturaktivitet,
- d) utvikla kulturfagleg kunnskap og kompetanse».

Under bokstav a vert det sikta til verksemd utført av kunstnarar og andre kulturarbeidarar, organisasjonar og institusjonar som opera, teater, orkester og ensemble for å skapa, produsera, utøva, distribuera og formidla alle former for kunstuttrykk, slike som biletkunst, arkitektur, design, kunsthåndverk, duodji, musikk-, scenekunst-, film- og litteraturuttrykk i tillegg til ulike blandingsformer.

Bokstav b omfattar m.a. arbeid innanfor arkivbibliotek- og museumsområdet med mottak, innsamling, forskning, dokumentasjon, bevaring, vidareføring og formidling av kunnskap om og innsikt i kultur og levesett i Noreg og i andre land. I tillegg omfattar punktet aktivitetar som har som mål å spreia informasjon og fremja kunnskap og refleksjon om kultur- og samfunnsspørsmål. «Kulturarv» omfattar både materiell og immateriell kulturarv og er uavhengig av om kulturarven tilhøyrer majoritets- eller minoritetsgrupper. Hovudsaka er at aktiviteten er forankra i det som til kvar tid vert identifisert som kulturarv, m. a. i medhald av kulturminnelova eller i samsvar med UNESCO-konvensjonen om vern av immateriell kulturarv. Bokstav b endrar ikkje nokon rettar eller plikter i lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Under bokstav c vert det sikta til deltaking i kulturaktivitet som ikkje har eit profesjonelt siktemål. Deltaking omfattar både det å vera tilskodar og det å vera utøvar.

Bokstav d refererer til kunst- og anna kulturfagleg opplæring og utdanning, både innanfor grunnopplæring, inkludert obligatorisk grunnskule og kulturskulane, dessutan innanfor høgare utdanning og vaksenopplæring.

Grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring er regulert i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa. Paragraf 13-6 om musikk- og kulturskuletilbod slår fast at alle kommunar åleine eller i samarbeid med andre kommunar skal ha eit musikk- og kulturskuletilbod til born og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles. Høgare utdanning er regulert i lov 1. april 2005 nr. 15 om universitet og høgskular. Vaksenopplæring er regulert i lov 28. mai 1976 nr. 35 om vaksenopplæring.

Idrettsfeltet inngår ikkje i verkeområdet for kulturlova.

### § 3 Statens oppgåver

Første leden i paragrafen slår fast at staten skal fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd over heile landet gjennom rettslege, økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak. Slike verkemiddel og tiltak kan omfatta:

- etablering av institusjonar og organisasjonar som statlege fagorgan og andre institusjonar og organisasjonar med føremål å fremja kulturverksemd,
- finansiering av kulturinstitusjonar og -organisasjonar,
- ulike former for prosjekt-, produksjonsstøtte- og stipendordningar for kunstnarar og andre kulturarbeidarar.

Sjølv om staten har det overordna ansvaret, vil det ofte vera tenleg at stat, fylkeskommune og kommune samarbeider om å utforma og gjennomføra ein heilskapleg, nasjonal kulturpolitikk. I saker som gjeld samiske tilhøve, er Sametinget samarbeidspart for staten.

Andre leden i paragrafen slår fast at staten har ansvar for å utforma kulturpolitiske verkemiddel og for å gjennomføra tiltak for å fremja og verna eit mangfald av kulturuttrykk i samsvar med internasjonale rettar og plikter.

Med «internasjonale rettar og plikter» vert det meint dei rettane og pliktene som følgjer av dei folkerettslege reglane Noreg er bunde av.

Sentrale konvensjonar er FN-konvensjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar (1966), artikkel 15, Europarådets rammekonvensjon for vern av nasjonale minoritetar, Europarådets pakt for regions- eller minoritetsspråk, Bernkonvensjonen av 1886 om vern av litterære og kunstnarlege verk, sist revidert i 1971, ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar og UNESCO-konvensjonen for å verna og fremja eit mangfald av kulturuttrykk.

I samsvar med den nemnde UNESCO-konvensjonen, artikkel 6, som gjeld dei rettane partane har på nasjonalt nivå, skal kvar part kunna vedta tiltak for å verna og fremja eit mangfald av kulturuttrykk innanfor sitt territorium. Artikkel 6 spesifiserer aktuelle tiltak på denne måten, utan at lista skal utelukka andre føremålstenlege tiltak:

- a) «reguleringstiltak med formål å verne og fremme et mangfold av kulturuttrykk;
  - b) tiltak som på en hensiktsmessig måte gir mulighet for egne kulturaktiviteter, -varer og -tjenester blant alle dem som er tilgjengelige på nasjonalt område og som er egnet til å skape, produsere, formidle, spre og bruke slike nasjonale kulturaktiviteter, -varer og -tjenester, og bestemmelser som gjelder språket som benyttes for slike aktiviteter, varer og tjenester;
  - c) tiltak som har til hensikt å skaffe uavhengig, nasjonal kulturindustri og -virksomhet i uformell sektor reell tilgang til midler for produksjon, spredning og distribusjon av kulturaktiviteter, -varer og -tjenester;
  - d) tiltak som har til hensikt å skaffe offentlig økonomisk støtte;
  - e) tiltak som har til hensikt å oppmuntre ideelle organisasjoner så vel som offentlige og private institusjoner, kunstnere og andre kulturarbeidere til å utvikle og fremme fri utveksling og distribusjon av ideer, kulturuttrykk og kulturaktiviteter, -varer og -tjenester, og å stimulere både skaperkraft og tiltaksløst;
  - f) tiltak som har som formål å etablere og støtte offentlige institusjoner på en hensiktsmessig måte;
  - g) tiltak som har til hensikt å legge forholdene til rette for og å støtte kunstnere og andre som er involvert i å skape kulturuttrykk;
  - h) tiltak som har til hensikt å styrke mediemangfoldet, bl.a. gjennom allmennkringkasting.»
- drift av kulturanlegg eller tilskot til drift, bygg og vedlikehald av kulturanlegg,
  - aktivitets-, produksjons- og prosjektstøtteordningar for kunstnarar og andre kulturarbeidarar,
  - ulike former for stipendordningar for kunstnarar og kulturarbeidarar.

Reglar om rapporteringsplikt som gjeld ressursbruk og tenesteyting, er fastsette i kommunelova § 49 og forskrift 15. desember 2000 nr. 1425 om rapportering frå kommunar og fylkeskommunar.

#### *Til § 5 Felles oppgåver*

Bokstav a fastlegg at staten, fylkeskommunen og kommunen skal syta for at kulturlivet har mest mogeleg føreseielege utviklingskår. I det statlege arbeidet vil dei årlege budsjettprosessane vera det viktigaste verkemiddelet.

I medhald av kommunelova (Kapittel 8. Økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og rapportering, § 44 Økonomiplan) skal kommunestyret og fylkestinget ein gong i året vedta ein rullerande økonomiplan. Økonomiplanen skal omfatta minst dei fire neste budsjettåra. Økonomiplanen skal omfatta heile verksemda i kommunen eller fylkeskommunen og gje eit realistisk oversyn over sannsynlege inntekter, venta utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden. For å følgja opp pålegget om å sørgja for at kulturlivet har mest mogeleg føreseielege utviklingskår, skal eit oversyn over sannsynlege inntekter, venta utgifter og prioriterte oppgåver innanfor kulturområdet inngå i økonomiplanen.

Plankrava i lov 14. juni 1985 nr. 77 plan- og bygningslova, §§ 19-1 og 20-1, gjev òg kommunar og fylkeskommunar eit føremålstenleg instrument for den langsiktige utviklinga av den kulturelle verksemda.

Bokstav b i paragrafen forpliktar staten, fylkeskommunen og kommunen til å fremja profesjonalitet og kvalitet i kulturtilbodet. Dette har som føresetnad at dei tre forvaltningsnivåa kvar for seg eller i fellesskap rår over, eller innhentar, fagleg kompetanse som kan sikra at ein bruker profesjonalitet og kvalitet som styrande kriterium for tildeling av offentleg støtte til kulturverksemd. Dette står ikkje i motsetnad til det å støtta amatørverksemd innanfor kulturområdet.

Bokstav b pålegg vidare staten, fylkeskommunen og kommunen til å fremja deltaking i kulturaktivitetar. Dette inneber at offentlege styresmakter skal fremja og leggja til rette for at innbyggja-

#### *Til § 4. Fylkeskommunens og kommunens oppgåver*

Paragrafen slår fast at fylkeskommunen og kommunen skal bruka økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for variert kulturverksemd.

Løyvingsnivået skal vera tilstrekkeleg for å fremja og leggja til rette for eit «breitt spekter» av kulturverksemd, dvs. ein variasjon i kulturuttrykk og -aktivitetar som møter ulike behov i befolkninga.

I prinsippet kan fylkeskommunar og kommunar bruka dei same verkemidla og tiltaka som er nemnde i tilknytning til dei statlege oppgåvene under § 3.

Økonomiske, organisatoriske, informerande og andre typar verkemiddel og tiltak kan omfatta m.a.:

- driftstilskot til nasjonale/regionale og lokale institusjonar og organisasjonar,



rane skal kunna delta i kulturaktivitetar som ikkje har eit profesjonelt siktemål. Dette gjeld deltaking både som tilskodarar og utøvarar.

Bokstav c forpliktar staten, fylkeskommunen og kommunen til å syta for at personar, organisasjonar og institusjonar har tilgang til informasjon om ordningar med økonomisk støtte og om andre verkemiddel og tiltak. Informasjonen skal vera lett tilgjengeleg for alle og framstilt på ein oversiktleg måte.

*Til § 6 Ikraftsetjing*

Denne paragrafen overlèt til Kongen å fastsetja tidspunktet som lova skal gjelda frå.

Kultur- og kyrkjedepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova).

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

# til lov om offentlege styresmaktens ansvar for kulturverksemd (kulturlova)

### *§ 1 Føremål*

Lova har til føremål å fastleggja offentlege styresmaktens ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleva eit mangfald av kulturuttrykk.

### *§ 2 Definisjonar*

Med kulturverksemd meiner ein i denne lova å

- a) skapa, produsera, utøva, formidla og distribuera kunst- og andre kulturuttrykk,
- b) verna om, fremja innsikt i og vidareføra kulturarv,
- c) delta i kulturaktivitet,
- d) utvikla kulturfagleg kunnskap og kompetanse.

### *§ 3 Statens oppgåver*

Staten skal fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd over heile landet gjennom rettslege, økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak.

Staten skal utforma verkemiddel og gjennomføra tiltak for å fremja og verna eit mangfald av kulturuttrykk i samsvar med internasjonale rettar og plikter.

### *§ 4 Fylkeskommunens og kommunens oppgåver*

Fylkeskommunen og kommunen skal syta for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt.

### *§ 5 Felles oppgåver*

Staten, fylkeskommunen og kommunen skal syta for

- a) at kulturlivet har føreseielege utviklingskår,
- b) å fremja profesjonalitet og kvalitet i kulturtilbodet og leggja til rette for deltaking i kulturaktivitetar,
- c) at personar, organisasjonar og institusjonar har tilgang til informasjon om ordningar med økonomisk støtte og om andre verkemiddel og tiltak.

### *§ 6 Ikraftsetjing*

Kongen fastset når lova skal ta til å gjelda.





